



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2014/3365

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 09.12.2014	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer	Varamedlemmer
Hege Myklebust Vartdal	X Folkert Seetzen
Sølvi Hanssen	X Marianne S. Rudi
Laila Aas Dyrøy	X Grete Gussiås
Anthony N. Valen	X Morten Larsen
Gunnar Eikrem	X Bjørn Eggen
Tone Nord	X Birgitte Moe

Andre:

Rådgivar Kristin Røvik, NAV arbeidslivssenter
Trainee Ingrid Walstad Larsen

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	24.3.2015

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

26/2014	<p>Signering av ny IA-avtale for tannhelsesektoren</p> <p>Rådgivar Ingeborg Kristin Røvik frå NAV Arbeidslivssenter orienterte. I SAMUT-sak 16/14, vart utvalet informert om den nye intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv og rammeavtalen om IA som er inngått mellom fylkeskommunen og NAV. Rammeavtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet. IA-avtalen skal implementerast i tannhelsesektoren gjennom eigen samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter. Innan 12 veker etter signert lokal samarbeidsavtale skal det utarbeidast sektorspesifikke delmål tilpassa tannhelsesektoren, med forslag til tiltak. Forslag til mål og tiltak skal leggst fram til behandling i SAMU-T i mars 2015.</p> <p>Samarbeidsavtalen for sektoren vart signert i SAMU-T-møtet. Avtalen er underteikna av fylkestannlegen, tillitsvald/verneombod Laila Aas Dyrøy og leiar i NAV Arbeidslivssenter Hege Beate Skjølberg.</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <p>SAMU-T tek informasjonen om ny IA-samarbeidsavtale til orientering og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.</p>
27/2014	<p>Sjukefråversutvikling 2. og 3. kvartal 2014</p> <p>Fråverstala for 2. og 3. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret er lågt samanlikna med tal for same kvartal i perioden frå 2007 til 2014. Det er framleis store distriktsvise variasjonar. NSSR THD har noko lågare fraver enn tidlegare, medan Nordmøre THD har auke i</p>

	<p>fråveret. Ålesund THD har framleis svært lågt sjukefråver.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar sjukefråversutviklinga 2. og 3. kvartal 2014 til orientering.</p>
28/2014	<p>Møteplan SAMU-T 2015</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteplan for SAMU-T 2015: 24. mars, 9. juni, 27. oktober og 8. desember .</p>
29/2014	<p>Orientering – rekrutteringssituasjonen Morten Larsen orienterte. Tannhelsetjenesten har fått styrka budsjettet og den restriktive tilsettingspraksisen er mjuka opp i 2014. Færre stillingar står nå vakant enn på lenge, og 41 stillingar er utlyst eksternt og internt i 2014. Dette talet indikerar samtidig høg turnover. Vi er inne i eit generasjonsskifte. Samtidig ser vi at nyutdanna medarbeidarar helst vil jobbe på klinikkar som kan tilby eit større fagleg og sosialt fellesskap.</p> <p>Det vart diskutert om praksisplassar kan bli ein viktigare arena for å identifisere og følgje opp kandidatar til mellombelse og faste stillingar seinare.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
30/2014	<p>Orientering - nytt introduksjonsprogram Trainee Ingrid Walstad Larsen orienterte om arbeidet med nytt introduksjonsprogram for nye medarbeidarar i tannhelsetenesta. Programmet skal ligge føre i april 2015. Prosjektet har sin bakgrunn i regional delplan tannhelse, og skal gi nyttilsette eit standardisert opplegg med praktisk informasjon og innføring i fylkeskommunens samfunnsoppdrag. Eit viktig aspekt i prosjektet er å innlemme dei tilsette sine erfaringar. Første fase i arbeidet har vore konsentrert om samtalar med tilsatte, klinikkbesøk og bruk av eksisterande materiale.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om nytt introduksjonsprogram til orientering.</p>
31/2014	<p>Orientering - årsrapporteringsprosessen 2014 Anthony Valen orienterte om endringar som blir gjort i årsrapporteringsmalen for klinikkane. I rapporteringsåret 2014 ber vi for første gong om pasienttal for gruppe A og C registrert pr. 31.12 og etterslep for gruppe A2. Dette heng saman med auka fokus på styringsparameter for produksjon i høve normtalet på 1000 pasientar per behandlar. Rapportmalen vil også etterspørje tal på klinikk møte.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om årsrapporteringsprosessen 2014 til orientering.</p>
32/2014	<p>Orientering - endringar i månadsoversyn Eva Refsnæs orienterte om endringar som kjem i excel-skjemaet for føring av månadsoversynet. Nytt er at det skal førast timar også på «raude dagar», dersom ein i utgangspunktet skulle ha vore på arbeid da. Det er også lagt inn ei ny rad der ein fører deltaking på distriktsmøter, kurs som går inn i distriktets kompetanseplan eller eksterne kompetansegevande tiltak.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om endringar i månadsoversyn til orientering.</p>
33/2014	<p>Orientering - kompetanseregionar Anthony Valen orienterte. Som ledd i oppfølginga av Regional delplan tannhelse vurderer fylkestannlegen å erstatte nemninga tannhelsedistrikt med kompetanseregionar. Planen er å utvikle fire kompetanseregionar i fylket:</p>

	<p>Kristiansund, Molde, Ålesund og Søre Sunnmøre. Modellen inneber ein kompetansetung sentralklinikk i kvar kompetanseregion som skal sikre regionen stabilitet og akuttberedskap også i periodar med vakansar på dei mindre klinikkane. Endringar i klinikkstruktur og eventuell omorganiseringar av enkelte klinikkar vil bli tatt opp i økonomiplansamanheng.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om kompetanseregionar til orientering.</p>
34/2014	<p>Open post Sølvi Hanssen lufta ideen om å opne for at produsent av formstøppt hørselsvern kan ha stand under etatssamlinga. Fylkestannlegen uttrykte skepsis til å bringe inn ein kommersielle aktørar på dette arrangementet.</p>